

Politivedtekt

for

Bygland herad.

I. Um skikk og age.

§ 1. På ålmannveg (d. e. dei stadar som er etla til, eller der det er ålmann ferdsla) må ikkje havast fyre noko, som er til mein for ferdsla.

Ingen må på ålmannveg skrika eller føra anna støyande framferd. Ikkje heller må det der drivast dansemoro, kortspeling, skjoting, steinkasting, snøballkasting eller njoting av rusdrykk.

Ved aking på ski, kjelke, sparkstøyting og ved sykling lyt det farast fram med største varsemd, og politiet kann for stutt eller lang tid setja forbod mot sovore på dei stadane der det syner seg, at ferdsla vert meinka eller lid skade ved det.

Avfall som glas, stein, spiker, papir, appelsinskul og dilikt må ingen lata etter seg på ålmannveg.

§ 2. Skjoting, timberrenning, minering o. a. dilikt på eller yver ålmannveg må ingen gjera utan det vert sett nøgdi av pålitande vaktpostar.

§ 3. Ålmenne samkomor som vert tilskipa av tilreisande utanbygdes lag eller einskildmenne med slikt som dans, konsert, skodespel, karusell, skjotebane, ringkasting og dilikt må ikkje haldast utan løyve frå politiet.

Tilstellingar som karusell, skjotebane, ringkasting og dilikt lyt um det vert gjeve løyve svara ei avgift for kvar

tilstelling frå kr. 5.00 til kr. 50.00. Avgifti vert innan denne grensa sett av politiet og betalast til politiet, når løyvingi vert gjevi. Avgifti fell til heradskassa.

Når det vert gjeve løyve, lyt det gjevast til eit menne, som personleg hev andsvaret for at alt gjeng fyre seg med sed og sømd. Løyvet kann takast attende til kvar tid.

Samkomor elles som i lenger tid vert drivne utan sed og sømd, kann politiet forbjoda i kort eller lang tid.

§ 4. Born under 15 år må ikkje ferdast ute på ålmannveg etter kl. 22 i tidi mai—august og etter kl. 20 resten av året utan i fylgje med vaksne folk av huslyden eller i lovleg erend for dei. Undanteke er born som gjeng til og frå festlege tilstellingar for born. Dei hev løyve til å yverskrida tidi um festen varer lenger.

§ 5. Hundar som er sinna, illslege eller leide med di dei spring etter folk, murrande eller gøyande skal haldast vekk frå ålmannveg eller hava forsvarleg munnkorg på.

§ 6. Uppslag av lysing- og kunngjeringbrev må ingen skamferda eller riva ned.

II. Sal av tobakk.

§ 7. Sal av all slag tobakk til born under 15 år er forbode, utan so er at barnet syner fram dagsett tingingssetel frå eit kjent vakse menne. Ingen hev løyve til å kaupa, gjeva eller låna tobakk til born under 15 år og ikkje heller lata born få tobakk for erend eller andre tenestor.

På ålmannveg kann politiet utan vidare taka pipe, tobakk, sigarar og sigarettar frå born som nyttar slikt og gjeva melding til foreldri um det.

§ 8. Den som gjer brot mot denne vedtekti vert straffa etter § 339, 2 i straffelovi.